

Nynorsk kultursentrums
Indrehovdvegen 176
6160 HOVDEBYGDA

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1105-6

5. januar 2023

Statsbudsjettet 2023 - tilskotsbrev

1. Tildeling av statstilskot for 2023

Kultur- og likestillingsdepartementet tildeler med dette Nynorsk kultursentrums eit driftstilskot for 2023 på **kr 24 115 000**. Tilskotet er løyvd under kap. 328, post 70, jf. Prop. 1 S (2022-2023) for Kultur- og likestillingsdepartementet og Innst. 14 S (2022-2023).

Statstilskotet vil verta utbetalt i to terminar (januar og juni) til konto nr. 3991 40 21530.

Fylkeskommunar og kommunar som nyt godt av kompetanse, formidling og andre tenester frå musea, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa av musea.

2. Mål og kriterium for oppfølgjing

Løyvingane til museum og andre museums- og kulturverntiltak byggjer opp under dei nasjonale måla om å medverka til eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile landet, og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv.

I Innst. 573 S (2020-2021) slutta ein samla stortingskomité seg til nye målformuleringar for vidare utvikling av museumssektoren, jf. Meld. St. 23 (2020-2021) *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid*. Måla for løyvingane til museum, jf. Prop. 1 S (2022-2023), er å leggja til rette for å utvikla institusjonane vidare gjennom:

- solid kunnskapsproduksjon
- relevant formidling
- heilskapleg samlingsutvikling
- trygg ivaretaking
- aktiv samhandling

Musea skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til samfunn og menneske som har levd til ulike tider, i samspel med verda ikring. Forsking og anna kunnskapsutvikling er sentralt i dette arbeidet. Departementet forventar at det i organisasjonen er kompetanse som kan imøtekoma dette.

Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortid og notid. Dette føreset armlengds avstand til offentlege styresmakter.

Kultur- og likestillingsdepartementet legg til grunn at musea sjølv er sentrale aktørar for eiga utvikling. Profesjonell og solid drift er avgjerande for å få dette til. Trygg økonomi- og ressursstyring, systematiske prioriteringar, godt planverk, god digital kompetanse og effektiv bruk av digitale verkty, god museumsfagleg kompetanse og godt samspel med andre aktørar vil framover vera viktige styringsparametrar for museumspolitikken.

Det er ein føresetnad at tilskotet vert disponert i samsvar med dei overordna måla for løvvingane til museum, og dei måla som er oppgjevne i søknaden for 2023.

Tilskotsmottakaren skal vidare laga tenlege system for å fylgja opp eiga måloppnåing på ein måte som tryggjer høg kvalitet og god ressursutnytting. Tilskotsmottakaren skal strekkja seg etter kvalitet i alle leder, anten det handlar om formidling, kunstnarleg produksjon eller anna kulturfagleg arbeid.

3. Viktige omsyn

Likestilling og deltaking

Regjeringa har som mål å redusera ulikskapar i samfunnet og gje alle like høve til å delta. Regjeringa vil byggja vidare på og styrkja fellesskapsløysingane i det norske samfunnet.

Mottakarar av statlege tilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet vert oppmoda om å delta i eit langsiktig og strategisk arbeid for å fremja likestilling, lægja tersklane for deltaking og halda brukarbetalinga nede.

Departementet er oppteke av at institusjonane har god kunnskap om eige publikum og arbeider målretta for å nå nye brukargrupper, mellom anna ved å gjennomføra brukarundersøkingar. Det skal i årsrapporten gjerast greie for kva mål tilskotsmottakaren har for publikumsarbeidet og korleis dette vert fylgd opp.

Likestillings- og diskrimineringslova pliktar arbeidsgjevarar, offentlege styresmakter og organisasjonane i arbeidslivet til å arbeida aktivt, målretta og planmessig med å fremja likestilling og hindra diskriminering, sjá likestillings- og diskrimineringslova §§ 24-26. Kultur- og likestillingsdepartementet ynskjer at det særleg vert lagt vinn på å fremja likestilling mellom kjønna, slik som å tryggja like lønsvilkår og lik representasjon i styre og leiing.

Gode arbeidstilhøve og ivaretaking av opphavsrett

Dei etablerte, offentleg finansierte institusjonane har som arbeids- og oppdragsgjevarar eit særskilt ansvar for å sikra eit trygt og inkluderande arbeidsliv, og at det vert betalt eit rimeleg vederlag til oppdragstakarar.

Fylgjeprov

Det er ein føresetnad for det tildelte tilskotet at alle som har fylgjeprov for funksjonshemma, og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for fylgjepersonen.

Det kan eventuelt gjevast tilbod om rabattordningar slik at billettpisane for den funksjonshemma og fylgjepersonen samla ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

4. Andre krav og føresetnader for statstilskotet

Tilskotet skal nyttast i tråd med føresetnadene i dette tilskotsbrevet og dei vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kultur- og likestillingsdepartementet i 2023*. Dersom midlane ikkje vert nytta fullt ut, eller midlar er brukte i strid med føresetnadene, kan departementet krevja heile eller delar av den tildelte summen betalt attende.

Det vert teke etterhald om at departementet og Riksrevisjonen kan setja i verk kontroll med at midlane vert nytta i samsvar med vilkåra, jf. løyvingsreglementet § 10 andre leden og riksrevisjonslova § 12 tredje leden.

Forsvarleg og effektiv drift

Det er ein føresetnad for statstilskotet at tilskottsmottakaren tryggjer at drifta er økonomisk forsvarleg, og at bygningar og utstyr vert haldne vedlike. Det må òg setjast av tilstrekkelege midlar til framtidig vedlikehald og investeringar, og til fri eigenkapital som tryggleik mot uventa kostnads- og inntektsvringingar.

Eigeninntekter

Kultur- og likestillingsdepartementet føreset at tilskottsmottakeren nytta potensialet sitt for eigeninntekter og arbeider for å utvikla andre inntektskjelder enn det offentlege tilskotet.

Rett til samlingane og samlingsutvikling

Stortinget har slutta seg til departementet sitt mål om at alle musea i det nasjonale museumsnettverket sikrar seg skriftlege avtalar om eigar- og ansvarstilhøve til samlingene dei forvaltar, og at alle museum må ha ein gjennomtenkt strategi for samlingsutvikling, jf. Innst. 573 S (2020-2021).

På bakgrunn av dette ynskjer Kultur- og likestillingsdepartementet at musea set i gang eit arbeid med å få på plass skriftlege avtalar for samlingar som dei konsoliderte musea forvaltar, etter dei styringsprinsippa som musea sjølv finn best eigna for å ivareta det samla museumsfaglege ansvaret. Dette inneber at det konsoliderte museet må kunna avgjera kva museet skal prioritera å ta vare på for framtida, både av eksisterande objekt og nye som kjem til. Departementet vil ikke stilla spesifikke krav til korleis slike avtalar skal ferdast ut, men legg til grunn at musea sjølv er godt eigna til å konkretisera det som bør innarbeidast i dei respektive avtalane. Departementet meiner at gode prosessar og dialog om

rolleavklaringar mellom vertskommunar, eigarstyre og hovudmuseet er heilt avgjerande for å koma fram til ein velfungerande struktur for samlingsutvikling.

Styringsdokument

Departementet føreset at musea på sine eigne nettsider gjer tilgjengeleg oppdaterte styringsdokument for verksemda.

Departementet minner vidare om kor viktig det er å ha oppdaterte og gode vedtekter som på best mogeleg måte reflekterer verksemda åt museet. Særleg gjeld dette museum der det har skjedd større endringar dei siste åra. Det er til dømes viktig å tryggja god samanheng mellom vedtektena til eventuelle eigarstiftingar og den nye konsoliderte eininga med driftsansvar.

Immateriell kulturarv

Musea arbeider òg med immateriell kulturarv. I denne samanhengen syner departementet til utgreiinga *Immateriell kulturarv i Norge – en utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven* utført av ABM-utvikling. Utgreiinga er å finna på departementet si nettside, www.regjeringa.no/kud.

Pensjonsskyldnader

Rekneskapslova, rekneskapsstandardar for pensjonsskyldnader og god rekneskapsskikk stiller krav til balanseføring av pensjonsskyldnader.

Mange institusjonar har dei siste åra røynt ein markant auke i pensjonskostnadene, noko som kan ha ført til at eigenkapitalen er redusert og i nokre tilfelle negativ. Slik auke i pensjonskostnader har i stor grad samanheng med endringar i utrekningsparametrane.

Fleire institusjonar har lukka delar av yttingspensjonsordningane dei siste åra, men det står framleis att plikter for nokre, og dette krev aktuarutrekningar til rekneskapsavlegginga.

Departementet praktiserer som styringsprinsipp andsynes institusjonane at tapt eigenkapital må gjenopprettast i løpet av eitt år. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane om årsaka til rekneskapsunderskot og/eller tap av eigenkapital heilt ut skuldast endringar i utrekningar av pensjonsskyldnader frå det eine året til det andre.

Departementet legg likevel til grunn at dei institusjonane som framleis har negativ eigenkapital som fylgje av pensjonsskyldnader, set i verk naudsynte tiltak slik at balansen mellom inntekter og kostnader, inkludert pensjonskostnader, vert betra.

Institusjonene må gjera greie for saka i fotnote til rekneskapen. Kultur- og likestillingsdepartementet vil fylgja utviklinga i pensjonskostnadene nøye.

Vedlagte skjema skal fyllast ut og sendast inn på e-post til departementet innan 1. mars 2023.

Utstillingsvederlag

Me syner til avtale om utstillingsvederlag for framvising av biletkunst, kunsthandverk og fotografisk kunst som kunstnaren eig, og meir konkret til § 8 om vederlagssatsane. Det er ein føresetnad at det innanfor den gjevne løyvinga vert betalt fraktkots og utstillingsvederlag etter gjeldande satsar, og at ein elles overheld føreseggnene i gjeldande avtale om utstillingsvederlag. Satsane i perioden 1. januar - 31. desember 2023 er: del 1: kr 318,- og del 2: kr 339,-. Til dykkar orientering kan avtaleteksten hentast på: www.regjeringen.no/kud

5. Rapportering for 2023

Tilskotsmottakaren må utarbeida rapport om aktiviteten i 2023 i nettskjema via Altinn-portalen. Rapporteringa skal mellom anna innehalda revidert rekneskap for 2023 og omtala resultat i samsvar med dei overordna måla for løyvingane til musea, og dei måla som vart omtala i søknaden for 2023. Tilskotsmottakaren må òg rapportera i tråd med andre krav og føresetnader trekte opp i tilskotsbrevet. Departementet vil koma attende til krav til rapporten i eige rundskriv om budsjettsøknader for 2025, jf. punkt 7.

6. Frist i 2023

Fylgjande dokument skal leverast **innan 1. mars 2023**:

- 1) Budsjettframlegg for 2024 og årsrapport for 2022 i nettskjema
- 2) Museumsstatistikk for 2022 i nettskjema
- 3) Revidert rekneskap for 2022 med balanse og noter og revisjonsmelding. Årsmelding frå styret skal berre leverast av dei musea som vert definerte som store føretak, jf. endringar i rekneskapslova vedteke av Stortinget 15. desember 2017. Dokumenta skal vera signerte. Dokumenta skal skannast og sendast på e-post til departementet til fylgjande adresse: postmottak@kud.dep.no
- 4) Skjema for pensjonsskyldnader for 2022 frå dei musea som vert definerte som store føretak. Skjemaet må sendast inn elektronisk til departementet til fylgjande adresse: postmottak@kud.dep.no, jf. avsnitt om pensjonsskyldnader i punkt 3 i dette brevet.

Manglande innsending av desse dokumenta kan føra til at utbetalinga av tilskotet vert halden attende.

7. Ny frist for budsjettsøknader for 2025

Ny frist for å senda inn budsjettsøknad for 2025 i nettskjema vil vera **1. desember 2023**.

Frist for å senda inn rapport for 2023 i eige nettskjema, og revidert rekneskap for 2023 vil vera **1. mars 2024**.

Med helsing

Gunhild Strand Molle (e.f.)
avdelingsdirektør

Pernian Nylander
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:

- Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt driftstilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet i 2023
- Skjema for pensjonsskyldnader for 2022

Kopi

Kulturdirektoratet
Møre og Romsdal fylkeskommune